



Konfirmantane klare til innsats eit tidlegare år.

TYSDAG 27.mars 2012, frå klokka 17.00 og utover, vil det bli innsamling i Uskedalen i samband med den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Denne gongen som tidlegare, er det dei kjekke konfirmantane våre som går med bøsser. I år er dei 8 konfirmantar i Uskedalen.

Det er soknerådet som organiserer innsamlinga, og for at alle heimane skal kunne nåast denne ettermiddagen vil fire medlemar/varamedlemar i rådet også gå med bøssene.

På dei rutene der ein treng sjåfør, så vil konfirmantforeldre hjelpe oss med dette.

Etter innsamlinga vil dei som har vore med på denne, treffast i bedehuset til eit måltid.

Vi ber om at de tek vel i mot dei som kjem med bøssene!

**Vennleg helsing
Uskedal sokneråd**